

nr. 3 - 2008

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



Liv Ranum (frå venstre), Trude Hoel og Sigrid Larsen delte erfaringar frå BOKTRAS-prosjektet med kursdeltakarane i Bergen.

Reiser rundt med barnebøker

Korleis få gutar til å lese meir? Dette er eit av fleire spørsmål som blir stilte på språkstimuleringskurs i regi av BOKTRAS.

TEKST OG FOTO: INGRID HILLESTAD

Trude Hoel, prosjektleiar i BOKTRAS, har med seg ein stabel med gode barnebøker når ho reiser rundt og held kurs.



Fleire barnebøker blei presenterte på kurset, mellom dei «Det store spørsmålet» av Wolf Erlbruch. Ei heilt ny bok, omsett til nynorsk, som kjem med tankevekkjande og forunderlege svar på nettopp store spørsmål.



Gje rom for lesing!

Når barnehagar og bibliotek samarbeider kan store ting skje. Dette er filosofien bak leseprosjektet BOKTRAS-

BOKTRAS

- Samarbeid mellom Nasjonalt senter for leseutvikling og leseforskning (Lesesenteret) og Statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABM-utvikling).
- Folkebiblioteka i Drammen, Klæbu og Sortland deltek, saman med barnehagane Jordbrekkskogen og Svensedammen i Drammen kommune, Sentrum, Sletten og Tanem i Klæbu kommune og Lykkentreff og Strand i Sortland kommune.
- Mål: Gje rom for lesing!
- Prosjektet starta i august 2005 og blir avslutta i september 2008.
- Undervegs i prosjektet er det laga filmar og eit kurshefte med nyttige tips som er tilgjengelege eller kan bestillast på www.lesesenteret.no.

Ioverkant av 100 barnehagetilsette og bibliotekarar hadde møtt opp til kurs i språkstimulering gjennom leseaktivitetar i Bergen. Kurset var også meint å skulle vere ein møteplass mellom dei to yrkesgruppene. For nettopp samarbeidet desse yrkesgruppene i mellom er noko av fundamentet i BOKTRAS-prosjektet.

- Kursa er populære. Me kunne hatt endå fleire, påpeikar prosjektleiar Trude Hoel, frå Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger.

Badar i bøker

Kurshaldar Sigrid Larsen fortalde om korleis dei i Lykkentreff barnehage har fått til eit godt og inspire-

rante samarbeid med bibliotekaren i Sortland.

-Jippi! kjem det frå ungane når eg fortel at bibliotekaren vår, Astrid, kjem, sa ho.

I barnehagen der Larsen er styrar, har dei laga til eit eige leserom. Dit kjem Astrid med jamne mellomrom med ei tralle full av bøker som ho tippa over ende. Så har ungane bokbad. Kvar gong presenterer bibliotekaren ei ny bok, og ofte har ho kledd seg ut. Sånn får borna bytt ut boksamlinga si. Med ein eigen bibliotekfilial i barnehagen kan born og foreldre heile tida låne nye bøker med seg heim.

- Me plasserer bøkene i inngangspartiet der foreldra går forbi kvar dag. Me har også bøker spreidde rundt i

heile barnehagen, heldt Larsen fram.

Gode rutinar

Jobbar dei med spesielle ting i Lykkentreff barnehage, som for eksempel krokodillar, som nyleg var tema, spør dei også Astrid om hjelp til å finne litteratur. Og når ungane er ute på tur, er dei stadig innom biblioteket, gjerne berre for å ete nista si. Sånn har eit godt og nært forhold mellom barnehage og bibliotek fått vekse fram.

- Det handlar om å skape rutinar, meinte Larsen.

I barnehagen hennar har dei, i tillegg til fasta bokdagar, også minst ei lesestund kvar dag.

- Ofte brukar me bøker med handling som held fram

frå dag til dag. På denne måten får ungane stimulert konsentrasjon, dei må lage bilde sjølve, og dei blir utfordra på det å hugse og å skape samanheng. Slike bøker opnar også for samtale før lesinga, sa barnehagestyraren.

Mykje samtale, ofte om filosofiske tema, og mykje høgtlesing er blitt ein raud tråd i kvardagen til ungane i Lykkentreff barnehage. Dette er i tråd med ideen bak BOKTRAS-prosjektet.

Kvinnelege litteraturformidlarar

Det var mykje leseglede og inspirasjon å hente denne kursdagen. Men prosjektleiar Trude Hoel frå Lesesenteret i Stavanger trekte også fram urovekkjande

tendensar i dei yngste si språklæring: Gutar og minoritets-språklege born er mindre aktive enn jentene når det kjem til aktivitetar knytte til lesing og stimulering av språk. Hoel forklarte det med at gutane ofte likar andre tema og sjangrar enn jentene, medan ungar med annan språkleg bakgrunn held seg unna leseaktivitetane fordi dei opplever at dei ikkje meistrar det norske språket like godt som dei med norsk som førstespråk. Dette kan lage vonde sirklar dersom ikkje desse ungane har medvitne vaksne rundt seg.

- Det er eit problem at litteraturformidlinga er kvinne-dominert. Fedrene må aktiviserast. Kanskje det kunne komme gutar frå ein skule nær barne-

hagen og lese for ungane, foreslo Hoel.

Kvifor suksess?

Liv Ranum frå Klæbu folkebibliotek delte ei rad med gode boktips med dei som sat i salen. Ho gav smaksprøver frå både komiske og meir alvorlege barnebøker, med og utan bilete.

- Kvifor har dette prosjektet blitt ein suksess, spurde ho og trekte fram tre grunnar:

Folkebiblioteka og barnehagane har samarbeidd, biblioteka har sytt for store og varierte samlingar med bøker i barnehagane, og det har dessutan blitt satsa mykje på kursing og kompetanseheving av alle dei tilsette i barnehagane som har vore involverte i

BOKTRAS-prosjektet.

- Men den største gevinsten trur eg vil bli oppdaga når desse ungane byrjar på skulen, avrunda bibliotekaren.

Ny inspirasjon


I ein pause står Solbjørg Espevoll frå Skjoldastraumen barnehage i Tysvær og studerer bøker saman med medarbeidarar frå kommunen.

- Eg ønskjer tips om bøker, ny litteratur og det å få i gang gode samtalar, svarar førskulelæraren på spørsmål om kva som lokka henne til kurset i Bergen.

Ho reiste truleg heim denne regntunge dagen med ny inspirasjon og påfyll av erfaringar frå Sortland i nord til Stavanger i sør.

Solbjørg Espevoll (frå venstre), Astrid Fjell og Monica Tjomsland hadde teke turen frå Tysvær for å delta på kurset i Bergen. Dei nyttar pausen til å studere barnelitteratur.





And, Døden og tulipanen

Av Wolf Erlbruch

Heinesen forlag, 2007

Dette er ei alvorleg biletbok der alvoret er godt synleg. Det heile er eit direkte og til tider særskilt vakkert møte med livet og døden. Mest av alt er det likevel alvor, teikna med enkle strekar på grått papir.

Me møter And og Døden. Alt frå byrjinga av historia legg det seg eit alvorleg teppe over handlinga. Døden er nemleg der, han pratar med And som på si side har ei underleg kjensle av kven han eigentleg er. Gjennom boka pratar desse to om kva som skjer når ein døyr og kva som finst etter døden. Det ligg ein streng av spenning her, at noko kjem til å skje i And sitt liv. Men mest av alt er dette ein god samtale om eit veldig viktig tema. Truleg vil praten om døden skremme mange born, men dersom historia vert brukt på rette måten kan dette bli eit godt og naturleg møte med det som skjer etter livet, også for dei mindre borna. Det er ei historie ein skal ha respekt for, både som lesar og mottakar.

Teikningane er like direkte som handlinga. Streken er enkel og gjennomført dyster. Døden er tradisjonelt framstilt som dødninghovud med mørke auge, samstundes som den gjennom leik og samtale har meir liv enn me kanskje er vane med. Sidene er reine og enkle. Forholdsvis lite tekst på sidene fører til at illustrasjonane kjem godt fram og får den plassen dei fortener.

Forfattaren kjenner me att frå biletbøker som «Den lille muldvarpen som ville vite hvem som hadde bæsjet på hodet hans» og «Det store spørsmålet».

And, Døden og tulipanen er ei vakker bok. Ei historie med ein streng av alvor og ei undring over det som skjer med oss etter døden. Det er ei handling som truleg vil trenge forklaringar og gjerne historier som borna kan kjenne seg att i. Og kanskje kan boka vere til hjelp i tilfelle der borna har opplevd døden på nært hald?

Judith Sørhus Litlehamar

Pirion-kurs

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?

Om kurset

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid. Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

Om Pirion

Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion fire gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet,


seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkurset er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

Om kurshaldarane

Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

Kontakt:

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland: tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88 (måndag og tysdag mellom 9 og 15) epost: pirion@norsk-plan.no



Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no